

Søknad

Søknadsnr.	2016-0186	Søknadsår	2016	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016			
Prosjektnavn	FINANSIERING AV TOUR DES FJORDS S&FJ. 2017			

Kort beskrivelse

Vi viser til tidlegare møter og orientering om vårt arbeid med å få ei etappe av sykkelrittet Tour des Fjords til Sogn og Fjordane i 2017. Vi søker med dette om 500.000 kr til gjennomføring av etappen mellom Balestrand og Førde i 2017. Sunnfjord Næringsutvikling arbeider på vegne av kommunane Balestrand, Gaular, Jølster og Førde med å få ei etappe av sykkelrittet Tour des Fjords til Sogn og Fjordane i 2017. SNU og Tour des Fjords signerte 9. mai avtale om å arrangere etappen.

Prosjektbeskrivelse

Bakgrunn

Sunnfjord Næringsutvikling har sidan Februar 2016 jobba på vegne av kommunane Balestrand, Gaular, Jølster og Førde med å få ei etappe av sykkelrittet Tour des Fjords til Sogn og Fjordane i 2017. Tour des Fjords var i byrjinga av April på synfaring i Førde og Balestrand for å sjå på start og avslutning for ei mulig etappe, samt å møte representantar frå sykkelklubbane, idrettslag, næringslivet og politikarar. Sunnfjord Næringsutvikling og Tour des Fjords signerte 9. mai avtale om å arrangere etappen mellom Balestrand og Førde i 2017. Tidspunkt for etappen er ikkje endeleg avklart men dei mest aktuelle tidspunkta er i månadsskiftet august/september eller mai/juni.

Økonomiske rammer

Gjennom avtalen garanterer Sunnfjord Næringsutvikling for eit beløp på 1.500.000 kr som er den summen Tour des Fjords krev frå ein startstad og ein målstad. Summen på 1.500.000 kr. dekkjer den sentrale arrangøren, Tour des Fjords, sine kostnader til TV-produksjon, teknisk arrangement ved start og mål, samt overnatting for ryttarar, teammedlemmar og TV-team.

I tillegg til summen på 1,5 mill. kr. budsjetterer arrangementet med 1.500.000 kr til andre kostnader som prosjektleiing, administrasjon, marknadsføring og øvrige arrangement utover proffrittet.

For å finansiere rittet vil kommunane Balestrand, Jølster og Gaular gå inn med 100.000 kr. kvar. Førde kommune med 500.000 kr. Dei kommunale midlane vil ikkje hentast frå dei kommunale næringsfonda. Dei resterande midlane, utover kommunale og fylkeskommunale midlar på 1.300.000 kr., 1.700.000 kr vil det private næringsliv bidra med. Sunnfjord Næringsutvikling AS har vore i dialog med det private næringsliv om deira bidrag. Vi har fått positive signal og blitt møtt med entusiasme for dei vi har presentert planane for og vi er på bakgrunn av dette trygg på at vi skal klare å hente inn den finansieringa som trengst frå det private næringsliv.

TV-dekning og eksponering

Tour des Fjords har avtale med TV2 om TV-produksjon av arrangementet. Etappen vil få 3-4 timar direkteendt TV i Norge, i tillegg vil det bli sendt på TV utanfor Noreg. Interesse rundt sykkelporten gjer at dette er TV sendingar som får eit stort antall Tv-sjåarar. At sykkel-VM i 2017 blir arrangert i Bergen gjer rittet ekstra spennande i eit TV-perspektiv då både sykkelinteressa blant publikum vil være ekstra stor, i tillegg til at rittet blir meir attraktivt for dei gode ryttarane og laga.

Eksposeringa som etappen vil skape merksemd rundt turisme og anna næringsliv i traseen til rittet. TV-produksjonen gjer det mogeleg å trekke fram bedrifter, reisemål og attraksjonar langs løypa. Ei slik eksposering vil være svært verdifull og har ein høg verdi samanlikna med om ein skulle betalt for denne merksemda på anna vis.

Meirverdiar og etterbruk

Sunnfjord Næringsutvikling har ei klar målsetting om å bruke Tour des Fjords til å skape meriverdiar og etterbruk utover sykkelrittet si eine etappe. Vi ønskjer å skape ein folkefest i dagane før og etter rittet som gjer at innbyggjarane i kommunane rittet går gjennom og innbyggjarane elles i Sogn og Fjordane føler stoltheit, tilhørigheit og engasjement rundt rittet.

I tillegg gir rittet muligheiter til eksposering av næringslivet generelt, og turisme og aktivitetsbasert reiseliv spesielt, som vi vil utnytte. Dette gjeld særleg bedrifter og aktivitetar over Gaularfjellet og langs Jølstravatnet.

Årleg etappe i Sogn og Fjordane

Det er ein klar intensjon for både Sunnfjord Næringsutvikling og Tour des Fjords om at vi saman skal jobbe for at det kjem etappar av rittet til Sogn og Fjordane i åra etter 2017. Vi ser derfor på dette som eit prosjekt for heile Sogn og Fjordane.

Realiseringa av årlige etappar vil avhenge av blant anna finansiering og at logistikken knytt til rittet totalt sett er mogeleg å gjennomføre, med ei etappe i Sogn og Fjordane og målgang i Stavanger. Når det kjem til finansiering vil vi i tida framover arbeide saman med Tour des Fjords for å sikre rittet finansiering over statsbudsjettet etter tilsvarende modell som Arctic race of Norway opererer under.

Organisering

Eit slikt arrangement vil krevje ein betydeleg innsats frå både frivillige, kommunane, og næringslivet, både i forkant og under sjølve arrangementet, for at det skal bli vellukka og at ein skal få realisert potensialet som ligg i eit slikt arrangement.

SNU vil ha ansvaret for prosjektleiinga av prosjektet Tour des Fjords – Sogn og Fjordane 2017. Det vil bli etablert egne delprosjekt i kvar kommune for å sikre engasjement og tilhørigheit til arrangementet lokalt. Kostnader til prosjektleiing vil dekkast inn gjennom budsjettet til arrangementet.

Den økonomiske organiseringa av prosjektet er ikkje endeleg avklara. Det er per i dag 2 alternativ som vert vurdert som aktuelle, at Sunnfjord Næringsutvikling handterer det økonomiske innanfor Sunnfjord Næringsutvikling AS eller det blir etablert eit eige AS for Tour des Fjords Sogn og Fjordane.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Sunnfjord Næringsutvikling AS Org.nr:985 568 650	-	97014595
Kontakt- person	Vidar Slettehaug	-	97014595
Prosjekt- leder	Vidar Slettehaug	-	97014595

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

På vegne av kommunane Balestrand, Gaular, Jølster og Førde står Sunnfjord Næringsutvikling som lokal arrangør av etappen av Tour des Fjords frå Balestrand til Førde.

Prosjekt mål

Gjennomføre etappe av sykkelrittet Tour des Fjords mellom Balestrand og Førde i 2017. Legge til rette for gjennomføring av etappar av sykkelrittet i Sogn og Fjordane i dei påfølgande åra.

Forankring

Arbeidet med etappen er forankra med politikarar, administrasjonen i dei ulike kommunane, næringslivet og frivillige organisasjonar.

Prosjektorganisering

Sunnfjord Næringsutvikling står som prosjektleiar. Det vil bli oppretta delprosjekt i dei 4 arrangørkommunane.

Samarbeidspartnere

Førde CK

Sogn CK

Næringslivet i dei 4 arrangørkommunane.

Aktiviteter

Arrangere etappe frå Balestrand til Førde under Tour des Fjords 2017.

Målgrupper

Reiselivet.

Næringslivet.

Turistar.

TV-Publikum.

Syklistar

Resultat

TV-Produksjon med 4 timar sending frå Sogn og Fjordane. Auka merksemd knytt til næringslivet og reiselivet i Sogn og Fjordane.

Effekter

Auka merksemd rundt næringslivet og reiselivet i Sogn og Fjordane.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Arbeidet startar i Mai 2016 og vil løpe fram til etter at rittet er avvikla i 2017. Tidspunkt for rittet vert ikkje avklara før i September 2016. Det blir enten i månadsskiftet mai/juni eller månadsskiftet august/september.

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Avgift Tour des Fjords		1 500 000				1 500 000
Prosjektkostnader	200 000	200 000				400 000

Prosjektleiing	200 000	300 000	500 000
Øvrige prosjekt knytt til Tdf		600 000	600 000
Sum kostnad	400 000	2 600 000	3 000 000

Kostnadsplan er foreløpig og vil bli revidert.

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Sponsormidler						
Næringslivet		1 700 000				1 700 000
Tilskot frå Kommunane	800 000					800 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016	500 000					500 000
Sum finansiering	1 300 000	1 700 000				3 000 000

Midlane frå kommunane vil ikkje bli henta frå Næringsfonda.

Geografi

1418-Balestrand, 1430-Gaular, 1431-Jølster, 1432-Førde

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Søknad Finansiering_Tour des Fjords_Sogn og Fjordane Fylkeskommune.docx	16 592	18.05.2016